



Statens Vegvesen  
Postboks 8142 Dep  
0033 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/114 - 17/1653

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
30.01.2017

## Godkjenning - Flatøy - Løyve til bygging av bomstasjonar

**Administrativt vedtak. Saknr: 38/2017**

**Tiltakshavar:** Statens Vegvesen, Region Vest  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-4

### SAKSUTGREIING:

#### Saka gjeld:

Ved søknad journalført 16.1.2017 har tiltakshavar Statens vegvesen (SVV) søkt om dispensasjon fra plankrav og løyve til oppføring av bomstasjonar i samband med Nordhordlandspakken.

I søknaden er tiltaket skildra slik:

«Statens vegvesen, region vest skal i gang i løpet av året med å bygge bomstasjoner i forbindelse med Nordhordlandspakken. Vi håper at kommunen kan godkjenne disse to tiltakene uten at de er regulert. Legger ved plan som viser plassering av bomstasjonene (Autopass)».

SVV har søkt om dispensasjon frå krav om reguleringsplan i kommuneplanen sin arealdel. Etter nærmere gjennomgang av plangrunnlaget, sjå nedanfor, meiner administrasjonen at det ikkje er trond for dispensasjonsbehandling.

Meland kommunestyre slutta seg til (den justerte) Nordhordlandspakken i møte 22.4.2015. Kommunestyret sitt vedtak er retningsgjevande for administrasjonen si handsaming av føreliggjande søknad. Løyvet som er gitt nedanfor er politisk forankra i kommunen.

### VURDERING:

---

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### Nabovarsling:

Tiltakshavar har ikke nabovarsla søknaden. Administrasjonen meiner det ikke er grunnlag for å stille krav om nabovarsling i tradisjonell forstand, jf pbl § 21-3, 2. ledd. Nordhordlandspakken og bomfinansiering av vegtiltak i regionen er alminneleg kjent. Føreliggjande vedtak endrar sjølvsagt ikke føresetnadene for gjennomføring av Nordhordlandspakken i politisk forstand, men legg til rette for praktisk gjennomføring når desse føresetnadene er på plass.

### Plan- og lovgrunnlag:

Omsøkt tiltak er vist plassert langs E39 på areal som er regulert gjennom *Reguleringsplan for flytebru med vegnett, Flatøy* (arealplanid 1256 1989 0002) og *E39 Flatøy – Midtdelar* (arealplanid 1256 2011 0007). Desse reguleringsplanane omfattar ikke bomstasjonar, slik at tiltaket pr i dag ikke er detaljert avklart i reguleringsplan. Det er under utarbeiding ny(e) reguleringsplan(ar) som vil omfatte tiltaka.

Saksbehandlingsreglane i byggesaksforskrifta (SAK10) inneholder unntak frå søknadsplikt for tiltak etter kapittel 20 i plan- og bygningslova (om byggjesøknad) når det gjeld offentlege veganlegg.

Føresetnaden for unntak frå søknadsplikten er at anlegget er detaljert avklart i gjeldande reguleringsplan etter plan- og bygningslova, SAK 10 § 4-3 bokstav a. Dersom anlegget ikke er detaljert avklart i reguleringsplan, må det sendast inn søknad om byggeløyve på vanleg måte, men vegvesenet treng ikke søkje ansvarsrett, dokumentere kvalitetssikring og kontroll eller bli utsett for tilsyn. Sistnemnde er situasjonen i føreliggjande sak.

Om kommunen sine vurderinger knytt til handsaming av slike søknader frå vegvesenet/fylkeskommunen er følgjande uttalt i rettleiaren til sakshandsamingsforskrifta (VSAK) § 4-3:

«Ved søknadsplikt får kommunen anledning til å sjekke at tiltaket ikke er i strid med planvedtak, jf. pbl. § 1-6, da det ikke er krav om reguleringsplan for å unnta etter § 4-3 første ledd bokstav a andre og tredje punktum.

Det legges til grunn at veimyndighetene selv håndterer aktuelle krav som ellers kunne stilles etter plan- og bygningslovgivningen, etter veglovens regelverk».

Slik plankravet i kommuneplanen sin arealdel er formulert, jf føresegen 1.2 til KPA, er det etter administrasjonen sitt syn ikke grunnlag for å stille krav om dispensasjon frå plankrav så lenge tiltaka blir plassert innanfor område som er regulert til til offentleg veggrunn.

### Plassering av tiltaket, utforming og utsjånad:

Når det gjeld plassering, utforming og utsjånad viser kommunen til at Statens vegvesen sjølv er ansvarleg for å etterleve aktuelle krav som følger av plan- og bygningslova og veglova. Tiltaket blir

godkjent i samsvar med teikningsmateriale vedlagt søknaden, som synast å vise at tiltaket stettar plan- og bygningslova sine krav til utforming, funksjon og utsjånad, jf pbl §§ 29-1 – 29-4.

**VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl) § 20-1, jf 20-4, løyve til bygging av bomstasjonar på Flatøy som vist på vedlagt situasjonsplan og elles i samsvar med søknad journalført motteke 16.1.2017. Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyvet ble gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova og veglova, så framt ikkje anna er bestemt ovanfor.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

LAY\_L-01  
LAY\_L-02

**Kopi til:**

Statens vegvesen Region vest      Askedalen 4      6863      LEIKANGER